

ÅRSMELDING 2007

NORDHORDLAND HANDVERK- OG INDUSTRILAG

Årsmøtet for 2006 vart halde på Alver Hotel laurdag 14. april 2007.
Det var 33 personar til stades, 28 medlemsbedrifter var representerte.

Etter årsmøtet var det innlegg ved Arvid Kråkenes og Terje Alling frå Kystverket over temaet:

Kva kan hindra ei ny ”Fedje ulukke”?

med vekt på kva ein kan læra.

Prisen til ”Årets bedrift 2006” gjekk til MTI AS.
Den vart delt ut på årsfesten seinare på kvelden.

Medlemmer:

Betalande medlemmer pr 31.12.07 : 225

pr 31.12.03 : 124

pr 31.12.04 : 134

pr 31.12.05 : 181

pr 31.12.06 : 212

Nye medlemmer i 2007 : 25 (33 i 2006)
Utmeldingar i 2007 : 12 (inkl fusjon, 2 i 2006)

Medlemstalet (pr 15.mars 2008) er no : 231

På vår heimeside: www.nhil.no er oversikt over alle medlemmer.

Styret :

Lars Hellandsjø, formann
Ivar K Johannessen, nestformann
Øystein Hope
Tor Iversen
Frode M Skaar
Lasse Ståløy
Jonny Titland
Ragnhild Langøy
Håkon Nesheim

Valnemnd:

Arvid Sulen (formann), Nils Landro og Øyvind Myhr

Revisor:

Trond Vetås, Asle Hindenes er varamann

Administrasjon:

Svein M Nordvik har sia 1. september 2004 vore dagleg leiar i laget.

Styret har følgende utval:

Arbeidsutval:

Lars Hellandsjø (formann), Ivar K Johannessen og Øystein Hope

Samfunns- og Næringsutval:

Ivar K Johannessen (formann), Øystein Hope, Tor Iversen, Frode M Skaar, Håkon Nesheim, Dagfinn Namtvedt og Henning Haugland.

Kommunikasjonsutval:

Ragnhild Langøy (formann), Arvid Sulen, Roald Olsvold, Janne Hellebø, Odd Steinar Hals og Reidun Halland

Kompetanseutval:

Lasse Ståløy (formann), Jarleiv Haugland, Jonny Titland, Inge Alver, Magnus Kvingedal og Vivian Kårbø.

NHIL har vore representert slik i andre utval:

Det regionale Næringsutval :

Lars Hellandsjø og Ivar K Johannessen.

Varamenn : 1. Tor Iversen, 2. Øystein Hope

Kompensasjonsfondet : (ingen møte i 2007)

Øystein Hope og Ivar K Johannessen

Varamenn: 1. Tor Iversen, 2. Trond Helland

Styret for Opplæringskontoret for Nordhordland

Lasse Ståløy (nestformann)

Styret i Mongstad Vekst AS :

Arnt Brandtun (styremedlem)

Styret i Lyngheisenteret AS

Anne Sofie Hilland (styremedlem)

Anna :

Formannen og dagleg leiar har representert laget ifm møte lokalt og regionalt.

NHIL har aksjar i Mongstad Vekst AS (20 aksjar, pålydande kr 10' tilsvarande 10 % av AS- kapitalen) samt aksje i Nordhordland Industriservice AS (1 aksje, pålydande kr 1')

NHIL er medlem av Hordaland Olje og Gass (HOG)

Aktivitet:

I 2007 har det vore 10 styremøte og 5 medlemsmøte. I tillegg kjem 1 møte i serien KVA NO? Styret har hatt 68 saker til handsaming. Mykje av laget sitt arbeid har skjedd gjennom utvala.

Dei respektive utvala rapporterer om følgjande:

A. Samfunns- og Næringsutvalet:

Utvalet har arbeidd med følgjande saker:

1. Rv 57

Resultatet av 7 vekersaksjonen hausten 2004, der i alt 70 millionar kroner vart teikna som forskotteringsbeløp, vart markert 22. januar 2008 ved opning av parsellen Espeland – Herland på Rv 57. I tillegg til eit fint utført arbeid, kan ein no gle seg over betydeleg sikrere veg og betre standard.

Med forskotteringsløyisinga frå i alt 28 bidragsytarar er dette over 30 år gamle prosjektet eit godt døme på samarbeid og dugnadsånd.

2. Næringskonferansen 2007

Det er gledeleg å registrera den store interessa for Næringskonferansen. Med over 550 påmelde har dette vorte eit arrangement med stor interesse frå målgruppene: politikarar, næringsliv og offentlege etatar. Eit godt og interessant program er ein viktig suksessfaktor. Arbeidet med Næringskonferansen i september 2009 har allereie starta.

3. Nordhordlandspakken

NHIL ønskjer betre vegar. Dette er gjort tydeleg gjennom informasjon til lokale politikarar og gjennom media. Sjølv om vi – som andre – ikkje ønskjer bompengar, ser vi at løysingar krev lokal deltaking for raskare gjennomføring.

Derfor har vi akseptert bompengar. Nye Nordhordlandspakken vart vedtatt i samtlege kommunestyre ultimo 2007, og skal no til politisk behandling i Fylkestinget.

Nordhordlandspakken inneheld 3 fasar, i fase 2 inngår Nyborgtunnelen.

Nyborgtunnelen er svært viktig å få realisert så snart som mogleg – det vil gi endå betre vegløyising til/frå Bergen. Utvalsformann Ivar K. Johannessen er med i styret for Nordhordlandspakken AS.

Det å vera pådrivar for realisering av planane vert ei viktig oppgåve framover.

4. Mongstad

NHIL er opptatt av utviklinga i heile Nordhordland. Mongstad er regionen sitt industrisenter. Dei nærmaste åra skal det investerast over 15 Milliardar kroner på Mongstad. Det nye energiverket skal stå klart i 2009. Arbeidet med utvikling av reinseteknologi for CO₂, lagring/deponering av CO₂, bygging av nytt energiverk for

BKK basert på naturgass og full reinsing - samt annan bruk av naturgass - er nokre stikkord.

Ved at tilgang på straum ikkje vert ein knapphetsfaktor, vil det i framtida vera ein betydeleg styrke og mulighet for vidare utvikling.

Det vert arbeidd med planar for ny storhamn i Bergensområdet. Tidshorisonten er 15 – 20 år fram i tid. Mongstad er mogleg stad i konkurranse med 4 andre alternativ. Dette arbeidet er viktig å følgja opp. Mongstad har mange gode føresetnader for å bli vald. Bergen og Omland Havnevesen har i 2007 sjølv etablert seg med ny kai på Mongstad.

NHIL er opptatt av å få langvarig effekt og synergi av investeringane på Mongstad.

5. Mongstad Vekst AS

Gjennom vår 10% eigardel i Mongstad Vekst AS konstaterer vi at selskapet har hatt svært positiv resultatutvikling. Føremålet med eigarposten var å bidra til utvikling – det er innfridd. Når BKK no ønskjer å gå inn i selskapet ved bl.a å kjøpa NHIL sin aksjepost, gir det oss høve til å gi stafettpinnen til ein betydeleg aktør som kan bidra til vidare utvikling av Mongstad Vekst AS.

6. Anna

Blant andre saker utvalet har behandla, skal nemnast:

Næringsareal i Knarvikområdet. Vi har skriftleg gitt merknad til planarbeidet. Vi registrer at den politiske prosessen har ført til reduksjon i tilgjengeleg næringsareal. Dette er urovekkjande. Etter vår meining er det no god mulighet for å trekkja til seg ny næringsverksemd også sør i regionen, føresetnaden er regulert areal.

Kommunevalet i september gjorde at merksemda på å dra i gang nye aktivitetar i første halvår, var redusert. Mykje av andre halvår har gått med til etablering av dei nye politiske posisjonar. Konseptet ”KVA NO?” ønskjer vi skal vera arena for samarbeid mellom NHIL og det politiske miljøet. Eitt møte vart avlyst i april 2007, i november vart det gjennomført eitt møte. For å få nytteverdi meiner vi tema må gjerast enda meir konkret og forpliktande. Dette arbeidet vil verta følgd opp i 2008.

Strategiplanen 2007-12 er vårt konkrete styringsverktøy. Mulighetsanalysen som vart overlevert i juni 2007, viser tydeleg muligheter og utvikling viss gode grep vert tatt, og motsett.

Det politiske miljø er ei viktig målgruppe i vårt vidare arbeid med analysen.

Vi ønskjer betre og meir forpliktande samarbeidsløysingar mellom kommunane.

Det er under etablering ein NÆRINGSALLIANSE for dei private næringsforeiningane/ laga i Hordaland. NHIL er opptatt av samarbeid og ser dette som ei styrking av det regionale samarbeidet, blant anna med Business Region Bergen (BRB). Ein ser det som viktig å opptre tydeleg og samstemt i store/tunge fellessaker for Bergensregionen.

Vi har gjennomført ei undersøking av barnehagedekninga i kommunane pr 31.12.07. Dei minste kommunane har full dekning, dei største har ikkje nådd målsetjinga om full dekning. Åpningstidene følgjer stort sett 0730 – 1630. Det vil vera ei oppgåve å sørgja for heildøgns barnehagar slik at skiftarbeid/turnus/anna lett kan fangast opp.

Det har vore liten aktivitet i det regionale Næringsutvalget, vi er representert der.

Arbeidskraftsituasjonen er vanskelig også i Nordhordland. Det inneber press på både lønningar og tiltak for å halda på egne tilsette. Med den aktivitet som er vedtatt og planlagt i regionen, vil ei endring i konjunkturbildet ikkje påverka Nordhordland i same grad som mange andre. Innflagging av arbeidskraft vil derfor vera nødvendig dei komande år. Dette må det leggjast til rette for.

Samfunns- og næringsutvalet takkar for innsatsen som mange har vore med på, og ser fram til vidare arbeid til beste for næringslivet i regionen.

B. Kommunikasjonsutvalet:

Kommunikasjonsutvalget har i 2007 arbeidd med desse sakene:

1. Tryggare styring:

Formålet med leiarnettverket ”Tryggare styring” er å gjera deltakarane betre som leiarar. Dette skal utviklast gjennom 4 samlingar pr. år med eit fagleg innhald og i ei ramme som gjer det sosialt trivelig, slik at ein bygger nettverk.

Samlingane i 2007 var:

- 14.-15. februar : NETTVERK – hvorfor?
Ved Oddvar Bjørnstad
- 22.- 23. mai : STYREARBEID OG DAGLIG LEDERS ROLLE
Ved Johan Waage
Bedriftsbesøk Tysse AS
- 12.-13 september : YTELSE OG STRESS
Ved professor Stig Berge Matthiesen, UiB
Besøk Bergen Brannstasjon
- 14.-15 november : JUSS PÅ ARBEIDSPLASSEN
Ved advokat Henry Horne, NHO

Deltakarar i nettverket er bedriften sin daglege leiar, eventuelt ein avdelingsleiar. Frå 1.1.2007 var talet på deltakarar 44. I 2007 har Asle Hindenes, Janne Hellebø og Henning Haugland vore kontaktpersoner for nettverket.

Meir om Tryggare Styring: www.nhil.no

2. Medlemsmøte

I 2007 har det vore 5 medlemsmøte:

21. februar	Frukostmøte/Alver: "Hvor står vi – Hvor går vi? Økonomiske sammenhenger og utviklingen videre" ved banksjef Egil Moldekleiv, Sparebanken Vest
27. mars	Bedriftsbesøk Frank Mohn Piping AS sin nye fabrikk på Hjertås i Meland
6. juni	Omvisning på Åse – Herland og informasjon fra Statens Vegvesen om vidare vegplanar i regionen
17. oktober	VILVITE SENTERET
21. november	StatoilHydro Mongstad "Kva skjer på Mongstad?" Dong Energy BKK Produksjon

Oppslutning på medlemsmøta har vore varierende, avhengig av tema og tidspunkt. Tilbakemeldingar fra deltakarane er gode.

3. Kurs

8. november	Dagskurs Mediahåndtering (Kursansvarleg Gunnar Vetlejord)
-------------	---

4. Spørjeundersøking

I 2007 vart det gjennomført ei enkel spørjeundersøking blant 35 av medlemsbedriftene der tema var aktivitetsnivået og engasjement:

Kva er nytten av å vera med i NHIL?

Kva skal til for at den enkelte bedrift engasjerer seg?

(Medlemsmøte, kurs/kompetanse, nettverksbygging, fag/bransjegrupper, anna)

Korleis vert informasjon om våre aktivitetar spreidd internt i bedriften?

Kva bør NHIL ha sterkare fokus på?

Er det noko som er negativt?

Tilbakemeldingane fra medlemsbedriftene var positive. Generell høg aktivitet gjer at mange bedrifter må prioritera drift framfor medlemsaktivitetar.

5. Årsmøte og årsfest

Årsmøte og årsfesten vart arrangert på Alver Hotel 14. april 2007

Arvid Sulen vart utnemnd til æresmedlem.

Etter årsmøtet var det innlegg ved Beredskapsavdelinga i Kystverket: Kva kan hindra ei ny "Fedje-ulykke?"

På Årsfesten om kvelden 14. april var vi 100 gjester til bords. Ein ny vellykka årsfest der MTI AS vart kåra til Årets bedrift for 2006, og Ola Braanaas heldt festtalen. Dette var også markering av NHILs 35 års-jubileum.

6. Lagstur til Haugesund

Lagsturen til Haugesund og Kårstø vart gjennomført helga 5.-7. oktober.

Sjølv om ikkje påmeldinga (26) var så stor, vart det ein vellykka tur både fagleg og sosialt.

7. Strategiarbeid

Ny Strategiplan for 2007 – 2012 vart vedtatt på årsmøtet.

Kommunikasjonsutvalet har gjennom sitt arbeid brukt planen aktivt. For å skape enda større engasjement blir følgjande vurdert:

Oppnemna fleire utval (Faste og prosjekterelaterte)

Temamøte for bransjar

Fleire medlemsbedrifter med i aktivt lagsarbeid

Presentasjon av medlemsbedrifter/erfaringsutveksling

Parallellforedrag, tilpassa behov/kompetanse

Kombinera fagleg og sosialt samvær

Delaktighet i møte

Aktivitetar der fleire/mange i bedriften kan delta

Etablera prisar

Bruka erfarne medlemmer til ulike oppgåver (skule, etablerarar)

Justering av vedtekter i tråd med utvikling og behov

Framstå som ein aktiv aktør i media

Nettsida

C. Kompetanseutvalet

Utvalet har arbeidd med fylgjande saker det siste året:

1. Romjulsarrangementet 28. desember 2007

Føremålet med arrangementet var å knyta kontakt mellom næringslivet i Nordhordland og elevar som har gått ut frå Knarvik og Austrheim vidaregåande skular dei siste fire åra. Målgruppa er dei som no studerer eller ynskjer å få arbeid i Nordhordlandsregionen.

Arrangementet blei halde i Knarvik senter frå kl 1200-1600, ca 50 personar vart registrert.

Det vart ein god profilering av dei 16 verksemdene som deltok. I tillegg til utsending av skriftlig invitasjon, brukte ein denne gongen også SMS melding.

Dette er andre gangen vi arrangerer ROMJULSTREFF, det tar tid å innarbeide, men tilbake meldingane frå både verksemdene og elevane er positive.

Neste treff blir tysdag 30. desember 2008 kl 1300 – 1700 i Knarvik senter.

2. Kompetansekurs i Hydraulikk

I samarbeid med Knarvik VG skule har vi fått til eit hydraulikkurs som blei halde fyrste gongen våren 2007. Dette kurset hadde 23 påmelde til 15 plassar. Det blei derfor arrangert eit nytt 100 timars hydraulikkurs som er ferdig våren 2008, det og blei fullbooka.

Opplegget er lovande og eit godt eksempel på tilfredsstilling av lokalt kompetansebehov i godt samspel skule/næringsliv.

Vidare utvikling av konseptet skal vera fagutdanning med fagbrev innan hydraulikk.

3. Kompetanseregionen Nordhordland

Dei nye reformene i skuleverket: ”Programfag til val” og ”Prosjekt til fordjuping” vil krevja betydeleg koordinering mellom elev, skule og næringsliv. Det er avgjerande for suksess.

I Nordhordlandsregionen er det nesten 20 skular. NHIL har derfor utarbeidd eit prosjekt som inneber enda større satsing på kompetanse og samarbeid i regionen.

”Programfag til val” er eit nytt fag i grunnskulen. Det skal gjenspeila utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. Innføring av faget skal vera med på å skapa eit heilt 13-årig skule løp for elevane og knyta grunnskule og vidaregåande opplæring betre saman.

Eit viktig mål er å redusera feilval av opplæring/yrke, feilval utgjer eit stort samfunnsproblem. Faget er obligatorisk frå skuleåret 2008/2009 med eit omfang på minimum 113 timar på ungdomstrinnet. Eleven skal velja minimum 1 fag. Elevar skal gjennom si karriereplanlegging, få kunnskap om alle mulighetene i regionen.

God kompetanse må utviklast, dei fleste bedriftene treng hjelp i arbeidet med kompetanseavklaring og kompetanseutvikling. Prosjektet er derfor todelt:

Del 1 : Forprosjektet

Med 8 kommunar i regionen knytt til 2 vidaregåande skular, 15 ungdomsskular og mange verksemder/bransjar, er det ei betydeleg oppgåve å koordinera kompetansetiltak. Denne koordineringa kan sjåast på som ei offentlig oppgåve, men ingen gjer det i dag. God koordinering vert avgjerande for at desse nye reformene skal verta vellykka. Oppstart blir august 2008.

Del 2 : Hovudprosjektet

Kundar er primært verksemder i Nordhordland innanfor det private og offentlege.

Det vil bli vurdert marknadsføring også mot verksemder i Bergen Nord.

Nordhordlandsregionen har vel 30.000 innbyggjarar.

Majoriteten av bedrifter er i storleik 1 – 20 tilsette. Mellomstore/større bedrifter vil vera målgruppe i starten. Det er frå mange bedrifter etterlyst lokale kompetansehevingstiltak, til dømes innanfor mellomleing, språk, fagkurs osv.

Finansieringa del 1 er på plass der Regionrådet og Hordaland fylke har bidrege med midlar til eitt års drift i fyrste omgang, prosjektperioden er planlagt til 3 år frå 2008. Prosjektet er unikt og vil gje grunnlag for erfaringsoverføring til andre regionar.

4. Arbeidskledestafetten

I Nordhordland har vi etablert ei ordning som inneber at elevane i 9. og 10. klasse hospiterer 2 dagar kvar i den vidaregåande skulen. På enkelte avdelingar er det behov for at elevane har skikkelege arbeidsklede og verneutstyr, det har ikkje skulane midlar til. For å skaffa dette utstyret blei det arrangert ein stafett blant medlemsbedriftene i Nettverket ”Tryggare Styring”. I løpet av 2 dagar hadde 11 verksemder gitt 98 sett til ein verdi av om lag kr 200.000,-.

Gjevarviljen og entusiasmen er stor blant våre medlemsbedrifter.

5. Rådgjevarlaget

Kompetanseutvalet har vore pådrivar for å få til eit rådgjevarlag der rådgjevarane i ungdomsskulen er målgruppa. Rådgjevarlaget arbeider for at skulen/elevane skal få meir informasjon om næringslivet, og motsett. Ikkje minst skal det skapa eit godt samarbeid mellom rådgjevarane slik at dei kan dra vekslar på kvarandre. Det er no andre skuleåret rådgjevarlaget er aktivt, og oppslutnaden er stor. Det er lagt opp til eitt møte om hausten og eitt om våren der dei vitjar verksemder og har relevante tema på agendaen. Kombinasjonen av møte og besøk hos verksemder i regionen er svært vellukka.

6. TAF Austrheim vidaregåande skule

Kompetanseutvalet er godt nøgd med at Austrheim Vidaregåande Skule har blitt tildelt ei TAF-linje innan TIP (teknisk industriell produksjon). Det betyr at begge dei vidaregåande skulane i distriktet har TAF-linjer. For næringslivet er det viktig at denne linja blir godt forankra i distriktet.

7. Ymse

I dialogen rundt nye oppgaver for utdanningsutvalet for våren 2008 vil fylgjande verta prioritert:

Fylgja opp ”Kompetanseregionen Nordhordland”. Første fase skal vera på plass til august 2008.

Fylgja opp ”Rådgjevarlaget”

Utarbeida ein plan for ”Romjultreffet 2008”

Hydraulikkurset, vidareutvikling av dette.

Næringslivets behov må tydleg gjerast.

I tillegg til utvalsmøta har formannen i utdanningsutvalet deltatt på :

- styremøte i Opplæringskontoret for Nordhordland
- juryen for kåring av beste elevbedrift i samband med Utdanningsmessa 2007.

UTTALELSAR FRÅ NHIL

Vi har i 2007 bl.a. sendt brev vedrørande:

- Vardetangen som stoppunkt for hurtigbåtane
- Flybuss mellom Knarvik og Flesland
- Endring av trase for ferje over Fensfjorden
- Kompetansesenter for Oljevern
- Storhamn for Bergensområdet – Mongstad
- Kommunedelplan for Knarvik/Alversund
- Tverrsamband mellom Askøy nord og Meland/Radøy
- barnehagedekninga i kommunane pr 31.12.08
- Brev til Statsminister Jens Stoltenberg vedrørande Kompetanseprosjektet

ØKONOMI

Driftsresultatet viser eit underskudd på kr 62.191,- og som gir eit årsresultat før ekstraordinære poster på pluss kr 96.590,-.

Sum, ekstraordinære poster er kr 1.702.426,-, det gir eit endeleg årsresultat på kr 1.799.016,-. Resultatet for 2007 er ekstraordinært og skyldast to forhold:

Gave fra Sparebanken Vest på kr 500.000,- og renteinntekt grunna NHIL sitt engasjement ifm forskuddteringa av ny parsell på Rv 57. Gaven fra Sparebanken Vest kjem først til utbetaling i 2016.

Styret vil understreka at sjølv om laget sin økonomi er god, og betydelig forbetra dei siste åra, er det overordna årlege mål å vera sjølvfinansierande på driftsrekneskapen. Medlemskontingenten skal vera eit betydeleg bidrag til finansieringa av vanleg drift.

SLUTTORD

2007 i Nordhordland og Gulen ber preg av høg aktivitet:

Arbeidskraftsituasjonen er for mange bedrifter ei stor utfordring. Det å skaffa nye, kvalifiserte arbeidstakarar, f.eks gjennom innflagging, er krevande. Samtidig er det å halda på gode medarbeidarar ei svært viktig oppgåve. Dette krev godt og langsiktig leiarskap.

Aktiviteten på Mongstad er svært høg. Arbeidet med etablering av kraftvarmeverket er i rute med ferdigstilling i 2009.

Det er også sentralt å utvikla reinseteknologi for CO₂. I samband med dette er det etablert eit pilotprosjekt (TCM – European Test Center Mongstad). TCM skal reinsa 100 tusen tonn CO₂ pr år. Planen er at eit storskala CO₂-reinseanlegg skal vera i drift på Mongstad frå 2014.

NHIL er representert i arbeidsgruppa for Mongstad som Fylkesordføreren har oppnemnt for å få langvarig og maksimal effekt av investeringane som no vert gjort.

BKK sende i desember konsesjonssøknad for nytt kraftverk basert på naturgass og full reinsing av CO₂.

Denne etableringa støttar vi. Det vil styrka Mongstad som energisenter. Andre regionar slit med å ha nok straum. God tilgang på straum er ein konkurransefaktor. I framtida vil Mongstad stå fram som Norges desidert viktigaste energisentrum. Det er derfor viktig av det vert lagt til rette for langvarig utvikling av energi- og miljøtiltak som kan ha global effekt.

Mongstad Vekst AS vart stifta i 2002. NHIL valde å ta del (10%) for å bidra til utviklinga. Ved at BKK no ønskjer å gå inn som aktiv eigar i Mongstad Vekst AS, meiner styret at vår intensjon: vera pådrivar for å dra i gang/ få selskapet opp å gå, er innfridd. Derfor har styret sagt ja til å selja aksjeposten på 10 %.

Vår daglege leiar tiltrer stillinga som dagleg leiar for Mongstad Vekst AS pr 1. april 2008.

Han vil – gjennom ein samarbeidsavtale – også halda fram som dagleg leiar i NHIL. Styret ser mange fordeler ved ei slik løysing.

Som ny næringsmedarbeidar i NHIL er tilsett Elisabeth Wolff Ness mvf 1. april. Ho er tilsett i deltidsstilling og vil, i samarbeid med dagleg leiar, gjennomføra og utvikla NHIL sine aktivitetar. Dette vil styrka laget sitt arbeid ytterlegare.

KVA NO-møta har blitt følgd opp i 2007. Diverre måtte eitt møte avlystast (KVA NO ? med langsiktig utvikling av Mongstad som tema).

Grunna valet i september blei neste møte lagt til november. Av resymeet kom det fram:

- Breid semje om at Nordhordlandspakken, inkludert Nyborgtunnelen må gjennomførast.
- Betra samarbeidet innen regionen, styrkja Regiontanken.

- Betra markedsføringa av Nordhordlandsregionen som eit svært attraktivt område
- Større fokus på kompetanseheving – regionen må satsa enda meir på god kompetanse.
- Det må setjast klare mål innanfor klima (bl.a kollektivtransport, oppvarming/bruk av energi)
- Det må lagast konkrete planar for kva ein ønskjer oppnådd i valperioden fram til 2011.

NHIL vil i 2. kvartal 2008 gjennomføra eit møte med ordførarar og rådmenn. Det er viktig at vi informerer om dei sakene vi meiner er viktige for vidare utvikling. Vi er opptatt av gode samarbeidsløysingar mellom kommunane. Det vil vera tema på møtet.

Næringskonferansen blei gjennomført 6.september 2007 med overskrifta:
 ” Nordhordlandsregionen – alliansepartner og kraftsenter i vekst ”

Over 550 påmelde, eit godt og breidt program veka før valget medverkar til at konferansen har satt Nordhordland på kartet. Konferansen vert lagt merke til på ein positiv måte og omtalt av mange som betydningsfull og viktig.

Til konferansen fikk vi laga ein filmanimasjon: Veien videre – 2025.

Den er tilgjengeleg på vår nettside, www.nhil.no

Neste konferanse blir i september 2009, temaet blir: ENERGI OG MILJØ.

På Næringskonferansen stod SAMFERSDSEL sentralt. NHIL har engasjert seg tydeleg og aktivt i Nordhordlandspakken. Etter ein ny runde i november/desember, har vi no stor tru på at Nye Nordhordlandspakken blir vedtatt politisk. Løysinga inneber bompengar. I valet mellom langvarig dårlege vegar eller ei raskare løysing gjennom bompengar, meiner vi ei rask løysing samfunnsmessig er det rette.

22. januar 2008 blei den nye parsellen på Rv 57 – Espeland – Herland offisielt åpna, ca 3 år etter at løysinga blei akseptert.

NHIL fekk mykje skryt for arbeidet som er gjort ifm forskotteringa med 60 millionar kroner frå Næringslivet og 10 millionar kroner frå Lindås kommune.

Forskotteringsløysinga er ei svært god referansesak for NHIL og eit godt eksempel på både det å ta initiativ og å gjennomføra.

Vår Strategiplan for 2007- 2012 blei vedtatt på Årsmøtet i 2007. Strategiplanen er eit godt verktøy i arbeidet vårt. På alle styremøte og i utvalsmøta er det ein fast post for oppfølging. I samband med oppfølginga, blei det utarbeidd ein analyse: Mulighetsanalysen.

Den gir perspektiv for moglege alternativ – avhengig av ein aktiv eller passiv haldning - frå det politiske miljø. NHIL ønskjer sjølvstøtt ein aktiv rolle. Dagens løysing med kommunalt samarbeid gjennom Regionrådet, blir etter vår meining ikkje forpliktande nok.

Vi ser med spenning fram til konklusjonen på arbeidet Regionrådet har starta for å bli endå betre.

Det er no tatt initiativ til etablering av Næringsalliansen, ein allianse av private næringsforeningar/råd i Hordaland. Føremålet er å opptre samla utad i viktige felles saker. Styret meiner dette er eit viktig tiltak og har sagt ja til å delta i dette arbeidet.

Styret vil til slutt få takka alle som har vore med og arbeidd for laget og medlemsverksemdene. Ei spesiell takk til Sparebanken Vest som har donert sitt bidrag til forskotteringa på Rv 57 til NHIL ifm tilbakebetalinga frå Staten.